

*Alle føretak som mottek produksjonstilskot i jordbruket, skal ha miljøplan trinn 1. Sjekkliste for miljøomsyn ved jordbruksdrift (miljøplan) er ein del av miljøplan trinn 1.*

*Sjekklista skal dokumentere at det er gjort ein gjennomgang av viktige miljøtilhøve knytte til drifta på føretaket det siste året. Eventuelt leigt areal skal også omfattast av sjekklista.*

*I sjekklista skal det vere markert for eitt alternativ for alle relevante avkryssingspunkt. Dersom spørsmålet ikkje er aktuelt, skal det ikkje kryssast av.*

*Denne rettleiinga er meint å vere til hjelp ved utfylling av sjekklista.*

# 1 Gjødsling og jordforbetring

## 1.1 Har føretaket gjødslingsplan?

Alle føretak som mottek produksjonstilskot i jordbruket, skal ha utarbeidd ein gjødslingsplan før kvar vekstsesong. Dette gjeld også for Debio-godkjende føretak. Dersom drifta er enkel eller ekstensiv og gjødslingsbehovet på dei einskilde skifta varierer lite frå år til år, kan kommunen godkjenne at gjødslingsplanen varer inntil fem år.

Gjødslingsplanen skal omfatte alt jordbruksareal som føretaket disponerer i vekstsesongen. Den skal innehalde ei kartskisse med oppgjeven målestokk som tydeleg viser skifteinndelinga. Planen skal setjast opp skiftevis, basert på blant anna resultat av jordprøver.

## 1.2 Er den tilførte gjødselmengda i samsvar med planen?

Gjødselmengda skal avpassast etter næringstilstanden i jorda, veksten som skal dyrkast der og venta avlingsnivå for veksten. Dersom veksttilhøva utviklar seg annleis enn det som er rekna med i gjødslingsplanen, må det takast omsyn til dette ved gjødslinga

**Dersom det blir brukt husdyrgjødsel på føretaket:**

## 1.3 Er husdyrgjødsla spreidd på fulldyrka jord eller på anna areal godkjent av kommunen?

Husdyrgjødsla skal berre spreieast på godkjent spreieareal. Føretak med husdyr skal disponere tilstrekkeleg areal for spreieing av husdyrgjødsel, normalt minst fire dekar fulldyrka jord pr gjødseldyreeining (GDE). Kommunen kan etter søknad godkjenne anna spreieareal (overflatedyrka jord og innmarksbeite). Utmarksareal kan ikkje godkjennast som spreieareal.

Bruk av husdyrgjødsel skal gå fram av gjødslingsplanen. Føretak som ved hjelp av næringsbalanserekneskap kan dokumentere at det har underskot av tilførte næringsstoff på det jordbruksarealet som blir disponert, kan søkje kommunen om å få eit lågare krav til spreieareal. I område med alvorleg ureining eller fare for alvorleg ureining, kan kommunen stille krav til større spreieareal. For leigd areal, ved avtale om spreieing på føretak i nærleiken og ved sal av husdyrgjødsel, må det normalt liggje føre skriftleg avtale av minst fem års lengd.

Enkelte føretak disponerer ingen eller for små areal for spreieing av husdyrgjødsel. For å sikre ei forsvarleg disponering av husdyrgjødsla på slike føretak, skal det liggje føre ein plan for handtering av gjødsla og avtale med den som skal ta imot gjødsla.

For område som er definerte som sårbare område etter EU sitt nitratdirektiv i forskrift om gjødsel mv. av organisk opphav, skal tilførsel av husdyrgjødsel ikkje overstige 17 kg totalt nitrogen pr dekar.<sup>1</sup>

#### **1.4 Er husdyrgjødsel som er spreidd på eng utan nedmolding eller nedfelling, spreidd før 1. september?**

Husdyrgjødsel skal så langt råd spreiest i vekstsesongen, i perioden frå våronnstart til 1. september, og helst om våren når plantevoksteren tek til.

Spreiing av husdyrgjødsel utan nedmolding eller nedfelling i jorda bør gjerast så tidleg i vekstsesongen at det er moglegheit for betydeleg gjenvekst som kan haustast eller beitast. Gjødsel skal vere spreidd innan 1. september, dersom kommunen ikkje har bestemt noko anna. Med nedmolding eller nedfelling er det tillate å spreie husdyrgjødsel fram til og med 31. oktober. I område med alvorleg ureining eller fare for alvorleg ureining, kan kommunen bestemme at det ikkje er tillate å spreie husdyrgjødsel med nedmolding eller nedfelling i heile eller deler av perioden 1. september - 31. oktober.

#### **1.5 Er husdyrgjødsel som er spreidd på open åker, molda ned snarast mogleg og innan 18 timar etter spreiiing?**

Husdyrgjødsel som blir spreidd på open åker, skal nedmoldast straks og seinast innan 18 timar etter spreiiing. Ved spreiiing av husdyrgjødsel i nærleiken av bustader skal det takast rimeleg omsyn til luktulempar og ulemper som kjem av partikkelspreiiing.

#### **1.6 Er det spreidd husdyrgjødsel på snødekt eller frosen mark, eller i perioden 1. november - 15. februar?**

I perioden 1. november - 15. februar er det ikkje tillate å spreie husdyrgjødsel. Husdyrgjødsel skal ikkje spreiest på snødekt eller frosen mark.

**Dersom det er motteke og brukt kompost eller andre gjødselvarer baserte på organisk avfall på føretaket:**

#### **1.7 Er bruksavgrensingane følgde?**

For gjødselvarer som er baserte på organisk avfall, er det visse bruksavgrensingar, blant anna når det gjeld kva areal vara kan nyttast på og i kor store mengder. Dette skal redusere smittefaren for planter, dyr og menneske. Avgrensingane er avhengige av kva avfall produkta er baserte på, og av kvaliteten på dei ferdige varene.

Tilsvarande som for andre gjødselvarer, skal slike produkt vere registrerte hos Mattilsynet. Det er spesielt viktig å vere merksam på dette i samband med avfall frå næringsmiddelindustrien. Spesielle opplysningar om bruk, lagring og handsaming av slike produkt skal gå fram av varedeklarasjonen eller følgjedokumenta til vara. Dette kan gjelde gjødsel, jordforbetningsmiddel, dyrkingsmedium, komposteringspreparat og vekststoff som inneheld råmateriale, som til dømes næringsmiddelavfall, planterestar, slakteriavfall, kjøttbeinmjøl, fiskeavfall og hushalds- eller storkjøkkenavfall.

---

<sup>1</sup> Dette gjeld område med avrenning til Glommavassdraget, medrekna Lågen og Vorma, Haldenvassdraget og øvrige område med avrenning til Oslofjorden mellom svenskegrensa og Strømstangen fyr, samt til indre Oslofjord (innafor Drøbaksterskelen).

**Dersom det er brukt avløpsslam på føretaket:**

### **1.8 Er melding om bruk av slammet sendt til kommunen?**

Føretaket skal melde frå om bruk av avløpsslam til kommunen seinast to veker før fyrste levering. Meldinga skal bl.a. innehalde ei vurdering av alle tilhøve ved bruken av slammet. Dette gjeld jordbruksfaglege tilhøve, ureining, tryggleik, helse og hygiene.

### **1.9 Er bruksavgrensingane følgde?**

Avhengig av kvalitetsklasse, kan det brukast inntil to eller fire tonn slamtørrstoff pr. dekar i løpet av ein tiårsperiode. Mattilsynet sine regionkontor kan gjere unnatak frå desse mengdeavgrensingane. Bruk av slam skal inngå i gjødslingsplanen.

Slam kan ikkje spreia på areal der det blir dyrka grønsaker, potetar, bær eller frukt. Desse vekstane kan fyrst dyrkast tre år etter siste dato for spreieing av slam på arealet. Slam må heller ikkje spreia i eng eller brukast i gartneri.

Slam må ikkje spreia på snødekt eller frosen mark og i alle høve ikkje i perioden 1. november - 15. februar. Etter spreieing skal slammet straks moldast ned. Nedmolding skal gjerast seinast innan 18 timer. Som ved bruk av husdyrgjødsel, skal luktulempere avgrensast. Brukaren må føre oversikt over kva mengder og på kva areal slammet er spreidd.

## **2 Lagring av driftsmidlar, punktutslepp**

**Dersom det blir lagra husdyrgjødsel på føretaket:**

### **2.1 Er det gjort eigenkontroll av gjødsellageret?**

Føretaket skal jamleg kontrollere at gjødselanlegget fungerer som det skal, og at det er fritt for lekkasjar.

### **2.2 Er gjødsellageret fritt for synlege lekkasjar?**

Husdyrgjødsellageret skal ha så stor kapasitet at gjødsla kan lagrast fram til spreieing i den tillatte perioden. Lagringskapasiteten skal utgjere minst åtte månaders produksjon.

Lager for flytande gjødselvarer skal ha tette konstruksjonar i golv, vegger, porter, osv. Landkummar skal i tillegg ha tak eller flytande dekke. Gjødseldammar skal ha tett botn. I gjødselgroper for sau og gjødselrenner for pelsdyr mv., skal botnar, sider og portar vere tette.

For nye og større anlegg for svine- og fjørfehald, er det krav om å bruke innreiingssystem for husdyr som reduserer ammoniakkutsleppet.

Fast strøblanda gjødselvarer som har flytande overskot, dvs. mindre enn 25 % tørrstoff, skal lagrast på tett botnplate og skjermast med tette kantar. Botnplate skal ha fall til sluk og tett oppsamlingskum for sig frå gjødselvara.

**Dersom det blir lagra husdyrgjødsel på bakken:**

### **2.3 Er gjødsla skjerma mot overflatevatn?**

Gjødselvarer med meir enn 25 % tørrstoff og som blir omdanna under lagringsperioden, kan lagrast direkte på bakken. Slike haugar skal skjermast mot overflatevatn. Kommunen kan stille krav om skjerming mot nedbør.

### **2.4 Er gjødsla frå utegardar, utandørs talle og pelsdyrhald samla opp slik at det ikkje er fare for ureining?**

Utandørs drift på talle eller utegardar må innrettast slik at gjødsla kan fjernast på ein enkel måte frå fôringsplassar, kvileplassar og eventuelle trafikkareal mellom desse. Væskeoverskot skal samlast opp og lagrast dersom det kan medføre fare for ureining.

Gjødsel frå utegardar og pelsdyrhald skal fjernast med jamne mellomrom, og minst ein gong i året. Med "fjernast" meinast at gjødsla blir spreidd eller lagra på ein tilfredsstillande måte.

**Dersom siloanlegg for surfôr er i bruk på føretaket:**

### **2.5 Er siloanlegget fritt for synlege lekkasjar?**

Reglane i forskrift om gjødselvarer mv. av organisk opphav omfattar både lagring og bruk av silopressaft. Reglane gjeld for alle former for ensilering, både i siloanlegg, rundballar og anna. Silopressafta skal samlast opp, lagrast og brukast slik at den ikkje ureinar.

Landbruks- og matdepartementet har fastset tekniske retningslinjer for oppsamling og disponering av pressaft. Ved nybygg, utviding og utbetring av siloanlegg, skal desse følgjast. Planane må vere godkjende av kommunen før arbeidet kan gjennomførast. I særlege tilfelle kan kommunen gjere unnatak frå dei tekniske retningslinjene. Før anlegget blir teke i bruk, skal det vere kontrollert og godkjent av kommunen.

**Dersom det blir lagra rundballar eller nytta utesilo på føretaket:**

### **2.6 Er rundballane og utesiloane plasserte slik at det ikkje er fare for ureining av vatn og vassdrag ?**

Forskrift om gjødselvarer mv. av organisk opphav gjeld også for bruk av rundballar. Rundballar bør helst lagrast på mark der saftavrenninga kan infiltrerast i grunnen, og der avrenninga kan kontrollerast gjennom dreneringa. Terrenget bør vere mest mogleg flatt, og rundballane bør lagrast i god avstand frå vassdrag, brønn eller anna vassforsyningssystem. Særskilt lagerplass med tett dekke og oppsamling av pressaft kan vere nødvendig dersom lagring direkte på bakken fører til ureining. Rundballar må ikkje lagrast på flaumutsette areal.

**Dersom det er mjølkerom i bruk på føretaket:**

### **2.7 Er utslepp frå mjølkerommet teke hand om slik at det ikkje er fare for ureining av vatn og vassdrag?**

Avløpsvatn frå mjølkerom skal gå til godkjent avløp eller til gjødsellager.

**Dersom det er olje- eller dieseltankar i bruk på føretaket:**

### **2.8 Er olje- og dieseltankane kontrollerte og frie for lekkasjar?**

Alle som har tankar som inneheld olje eller diesel, er ansvarlege for å hindre lekkasjar frå slike tankar. Brukaren er ansvarleg for at det blir teke jamleg tilstandskontroll av nedgravne oljetankar med kapasitet på meir enn 3 200 liter. Kontrollen skal gjennomførast av ein kommunalt godkjent kontrollør, og den skal vere skriftleg dokumentert. Hyppigheita er avhengig av type tank.

Kommunen skal ha skriftleg melding om tankar som blir teke ut av bruk. Nedgravne oljetankar som permanent blir teke ut av bruk, skal tømmast og gravast opp. Tankar som ikkje kan brukast på ny utan fare for lekkasjar, skal destruerast. Kommunen kan i særlege tilfelle gje løyve til at tankar som permanent blir tekne ut av bruk, blir reingjorde og fylte med sand, grus ol. i staden for oppgraving.

## **3 Handsaming og bruk av plantevernmiddel**

**Dersom det blir brukt plantevernmiddel på føretaket:**

### **3.1 Er plantevernmiddele brukte av personell med gyldig autorisasjonsbevis?**

Plantevernmiddel kan berre brukast av personar som har autorisasjon. Det er unntak for preparat som er godkjende for bruk i hobbyhagar og på stoveplanter. Autorisasjonen er gyldig i ti år frå avlagd prøve.

### **3.2 Er plantevernmiddele brukte i samsvar med godkjent etikett?**

Plantevernmiddel skal berre brukast i samsvar med den bruksrettleinga som står på godkjent etikett, slik at ein unngår risiko for menneske og dyr. Det er forbode å bruke preparatet i strid med godkjent bruksområde eller å overskride den tillatne maksimale doseringa/konsentrasjon. Brukarar av plantevernmiddel skal følgje avviklingsreglar for bruk av preparat som ikkje lenger er godkjende, og avviklingsreglar for preparat med gamal etikett (sjå produktkatalogar og Mattilsynets internettside: [www.mattilsynet.no](http://www.mattilsynet.no)).

### **3.3 Er spreieutstyret funksjonstesta i løpet av dei siste fem åra?**

Yrkesmessig bruk av plantevernmiddel skal skje med spreieutstyr som tilfredsstillar dei tekniske krava til funksjonstest, jf. vedlegg til forskrift om plantevernmiddel. Alle delar og komponentar skal vere frie for lekkasjar. Testen er gyldig i fem år frå testdatoen. Eigaren/brukaren av spreieutstyret er ansvarleg for at det er funksjonstesta og har registreringsmerke.

### **3.4 Er sprøyting og reingjering av spreieutstyret utført slik at det ikkje er fare for ureining av vatn og vassdrag?**

Restar i sprøytetanken skal tynnast ut (helst minst fem gonger) og sprøytast ut på den sprøyta kulturen. Fylling og vasking av spreieutstyret, og reingjering av tomemballasjen skal skje på ein stad der vaskevannet ikkje ureinar jord eller vatn. Alle nye sprøyter som er selde etter 01.01.2001 og som har større tank enn 600 liter, skal ha skyljetank og skyljedyse.

Restar av plantevernmiddel som det ikkje er aktuelt å bruke, og ikkje reingjort tomemballasje, er farleg avfall. Dette skal leverast til kommunen sitt mottak for farleg avfall. Det er årleg leveringsplikt dersom den

totale mengda farleg avfall (av alle slag) utgjer meir enn eitt kg. Restar av biologiske preparat skal destruerast slik det står forklart på etiketten. Emballasje som er reingjord i tråd med rettleiinga på etiketten, skal kunne leverast saman med anna avfall. I praksis krev mange avfallsmottak at emballasjen blir levert som farleg avfall, fordi dei er usikre på om den verkeleg er rein. Det er også mogleg å vinne att reingjorde plastkanner ved innlevering til Grønt Punkt Norge ([www.grontpunkt.no](http://www.grontpunkt.no)).

Plantevernmiddel skal takast vare på i særskilt avlåst skap eller lagerrom.

### **3.5 Er det ført sprøytejournal for bruk av plantevernmiddela?**

For bruk av plantevernmiddel i næringsverksemd, skal det førast sprøytejournal. Sprøytejournalen skal innehalde opplysningar om på kva skifte og i kva kultur det er sprøyta, skadegjerar, preparat, dosering og tidspunkt for sprøyting. Kartutsnitt skal vise skifteinndeling på det arealet som er omfatta av sprøytejournalen. Eigaren av føretaket er ansvarleg for at det blir ført sprøytejournal, også om det er andre som sprøyter.

Kravet om å føre sprøytejournal gjeld også ved bruk av nyttedyr og mikroorganismar. Det skal også førast journal for planteekstraktar og andre plantevernmiddel som blir nytta i økologisk landbruk. Desse krava gjeld også om brukaren sjølv har laga preparata.

## **4 Kulturminne, kulturlandskap og biologisk mangfald**

Føretak som mottok produksjonstilskot i jordbruket kan ikkje gjere inngrep av negativ betydning for kulturlandskapet. Det kan likevel gjs samtykke til slike inngrep. Punkta 4.2 - 4.9 nedanfor gjeld tiltak som kan vere uheldige for kulturlandskapet. Inngrep som må sjåast som normal skjøtsel av eigedomen er tillete.

### **4.1 Er kulturminne og andre verdifulle kulturlandskapselement merkte av på miljøplankartet?**

Kulturminne og område som er viktige for det biologiske mangfaldet, skal vere kartfesta og skildra.

### **4.2 Er det ei vegetasjonssone (gras, trær, e.l.) på minst to meter mot vatn og vassdrag, som ikkje blir jordarbeidd eller behandla med plantevernmiddel?**

Mot vassdrag med årsikker vassføring og mot kanalar utan årsikker vassføring, skal det setjast att ein vegetasjonssone på minst to meter, målt horisontalt, rekna ved normalvassføring. Denne vegetasjonssona kan ikkje bli jordarbeidd. Vegetasjonssona skal heller ikkje behandlast med plantevernmiddel med mindre dette er eit ledd i skjøtselen av kulturlandskapet. Kravet vedrørande jordarbeiding gjeld ikkje mot kanalar som blir nytta på profilerte areal, då dette er å forstå som ein del av profileringa.

Vær merksam på at for ein del plantevernmiddel krevst ei breiare sikringssone enn to meter mot vatn og vassdrag. Dette går fram av bruksetiketten for dei aktuelle plantevernmiddela.

### **4.3 Er elvar eller bekkar kanaliserte eller lukka?**

### **4.4 Er opne grøfter lukka?**

### **4.5 Er skogbryn, kantsoner eller andre restareal mot innmark dyrka opp?**

#### **4.6 Er åkerholmar, steingjerde eller gamle rydningsrøyser fjerna?**

#### **4.7 Er jordbruksareal planerte?**

Kapittel 4 i "Forskrift om begrensning av forureining (forureiningsforskrifta)" omfattar anlegg, drift og vedlikehald av planeringsfelt. Før det blir sett i gang planlegging av slike tiltak, skal føretaket sende ein forenkla søknad med kart til kommunen. Planering er ikkje tillate utan plan godkjent av kommunen.

#### **4.8 Er ferdselsårer dyrka opp eller fjerna?**

#### **4.9 Er kantvegetasjon eller åkerholmar sprøyte med plantevernmiddel?**

Bruk og handtering av plantevernmiddel må skje slik at plantevernmiddel ikkje kjem til grunnvatn og vassdrag (bekker, elvar og vatn). Kantsoner og åkerholmar skal ikkje handsamast med plantevernmiddel, med mindre det er eit planlagt skjøtselstiltak i kulturlandskapet. Løyve må i så fall innhentast frå kommunen.

#### **Finst det automatisk freda eller vedtaksfreda kulturminne på føretaket?**

Sjå § 4 i "Lov om kulturminner" for utdyping av automatisk freda kulturminner

**Dersom ja:**

#### **4.10 Er dei freda kulturminna med tilhøyrande sikringssone tekne vare på?**

Ingen må setje i gang tiltak som kan skade eller øydeleggje automatisk freda kulturminne utan at det er gjeve løyve på førehand. Det er ikkje tillate å grave ut, flytte, forandre, dekkje til, skjule eller på annan måte skjemme automatisk freda kulturminne. Marka over eit automatisk freda kulturminne kan fortsatt nyttast til beite eller innmark, dersom den har vore brukt til dette tidlegare, og dersom kulturminnemyndigheitene<sup>2</sup> ikkje bestemmer noko anna. Pløying og jordarbeiding til same djupn som tidlegare er òg tillate.

Alle fysiske, automatisk freda kulturminne er omgjeve av ei sikringssone for vern mot inngrep. Sikringssona er eit minst fem meter breitt belte rekna frå kulturminnet sin synlege eller kjende ytterkant.

For automatisk freda kulturminne som gravhaugar, tuftar eller røysar skal ikkje drifta føre til inngrep innanfor sikringssona. Med ivaretaking av freda bygningar meinast forsvarleg skjøtsel og vedlikehald.

#### **Dersom det inneverande år er gjennomført bakkeplanering, nydyrking eller bygging av landbruksveg på føretaket:**

#### **4.11 Er tiltaka gjennomførde i samsvar med plan godkjent av kommunen?**

Føremålet med forskriftene som regulerer bakkeplanering, nydyrking og bygging av landbruksvegar, er å sikre at planlegging og gjennomføring av slike tiltak skjer på ein måte som gjev landbruksfaglege gode heilskapsløysingar. Samtidig skal omsynet til miljøverdiar som biologisk mangfald, kulturminne, friluftsliv og landskapsbilete vektleggast.

Bakkeplanering, nydyrking og bygging eller ombygging av landbruksvegar kan berre skje etter plan godkjent av kommunen. Planen skal utarbeidast av den som ynskjer å gjennomføre tiltaket.

---

<sup>2</sup> Regional kulturminneforvaltning, dvs. kulturminneforvaltninga i fylkeskommunen og Sametingets miljø- og kulturvernavdeling.

For meir informasjon, sjå kapittel 4 Anlegg, drift og vedlikehald av planeringsfelt i "Forskrift om begrensning av forureining (forureiningsforskrift)", "Forskrift om nydyrking" og "Forskrift om planlegging og godkjenning av vegar for landbruksføremål (forskrift om vegar for landbruksføremål)".

## 5 Hydrotekniske anlegg

### 5.1 Er det ført tilsyn med grøfter, kummar, utløp og andre hydrotekniske anlegg?

Jamnleg ettersyn og vedlikehald er viktig for at hydrotekniske anlegg skal fungere tilfredsstillande. For planerte areal er dette eit forskriftskrav.

Med ettersyn meinast at det må passast på at anlegget fungerer tilfredsstillande. Det bør sjåast etter at inntak i røyr og kummar ikkje tettast seg til. I tillegg bør det kontrollerast om det er jorderosjon langs anlegget eller ved utløp av røyr og grøfter. Ettersyn er spesielt viktig etter periodar med stor vassføring. Vedlikehald betyr at skadar blir utbetra så snart dei blir oppdaga og før konsekvensane blir for store.

## 6 Avfallshandtering

Alt avfall som ikkje blir brukt på ny eller kunne att på føretaket, skal leverast til eit godkjent mottak. Det er forbode å tømme, late att, oppbevare eller transportere avfall slik at det kan verke skjemmande eller vere til skade eller ulempe for miljøet.

### 6.1 Er det farlege avfallet levert til godkjent mottak?

Dette er avfall som det ikkje er føremålstenleg å behandle saman med anna forbruksavfall fordi det kan føre til alvorleg ureining eller fare for skade på menneske eller dyr. Døme på farleg avfall er plantevernmiddelrestar, oljerestar, spillolje, målings- og lakkrestar, elektrisk og elektronisk avfall, samt bly- eller nikkelkadmiumhaldige batteri.

Farleg avfall skal handterast forsvarleg. Alle som oppbevarer, transporterer eller handterer farleg avfall, skal syte for nødvendige tiltak for å unngå fare for ureining eller skade på menneske eller dyr. Farleg avfall skal ikkje blandast saman med anna avfall. Ulike typar av farleg avfall skal ikkje blandast saman dersom det kan føre til fare for ureining eller skape problem for den vidare handteringa.

Alle som har meir enn eitt kg farleg avfall, skal levere det til eit godkjent mottak minst ein gong pr år. Kvitteringar for levering kan tene som dokumentasjon på at det farlege avfallet er levert til godkjent mottak. Somme stader er det ordningar med avtale om henting av farleg avfall.

### 6.2 Er anna produksjonsavfall levert til godkjent mottak?

Kommunen kan gje pålegg om at den som har attgløymt, tømt eller lagra produksjonsavfall slik at det kan verke skjemmande eller vere til skade eller ulempe for miljøet, skal fjerne det, rydde det opp innan ein viss frist eller dekkje rimelege utgifter til fjerning eller opprydding av avfallet. Døme på produksjonsavfall er landbruksplast, metall, papir, papp, bildekk og traktordekk.

Det er forbode å brenne produksjonsavfall (til dømes bygg- og anleggsavfall) ope eller i småomnar.

### 6.3 Er det organiske avfallet teke vare på slik at det ikkje er fare for ureining av vatn og vassdrag?

Kompost- eller lagerplass for organisk avfall bør skjermast mot overflatevatn og plasserast slik at mogleg sigevatn ikkje når vassførekomstar.

Døde dyr skal sendast til destruksjon. Distriktsveterinæren kan i særskilde tilfelle dispensere frå dette kravet og tillate annan destruksjon som nedgraving eller brenning.

Det er ikkje tillate å samle avfall frå gardsdrifta eller hushaldet i gardsfyllingar.

Ved kompostering av avfall frå andre hushald eller gardsbruk, må det liggje føre løyve frå fylkesmannen. For å sikre at anlegget ikkje skal føre til hygieniske eller miljømessige ulemper, gjeld bestemte krav til kompostplassen og komposteringsprosessen. Kompostplassen må ha støypt botn og i nokre tilfelle også ei enkel takløyving. I tillegg er det krav til korleis overflatevatn og sigevatn skal handterast.

Komposten er registreringspliktig hjå Mattilsynet dersom den årlege produksjonen er større enn eitt tonn tørrstoff og komposten blir nytta på areal der det blir dyrka vekstar for sal. Ved behandling av animalsk lågrisikoavfall som slakteriavfall, animalsk industriavfall og kasserte vareparti, skal komposteringsanlegget i alle høve godkjennast av Mattilsynet.

Kommunen kan leggje ned lokalt forbod mot open brenning av halmstubb på jordet og bråtebrenning (treavfall, kvist og gras). På areal der det blir gjeve tilskot til endra jordarbeiding, kan det vere eit vilkår at halmen ikkje blir brent om hausten. Brenning av oppsamla halm og fôrrestar er forbode.

## 7 Regionale miljøføresegner

**Dersom fylkesmannen har gjeve føresegn om jordarbeidingsrutinar eller liknande tiltak i område med erosjonsfare:**

### 7.1 Blir desse føresegnene følgde?

Dersom jorda som føretaket disponerer ligg i eit område med erosjonsfare og innanfor nedbørsfelt til sårbart vassdrag eller sårbart kystområde, kan fylkesmannen bestemme at føretaket må følgje særlege jordarbeidingsrutinar eller gjennomføre liknande tiltak som til dømes grasdekte vassvegar eller vegetasjonssonar. Fylkesmannen kan fastsetje tiltaka i forskrift eller som enkeltvedtak.

## 8 Lokale miljøføresegner

**Dersom kommunen har gjeve særskilde miljøføresegner:**

### 8.1 Føljande miljøføresegner er viktige for drifta?

I område med spesielle miljøproblem, til dømes at drikkevasskjelder er ureina eller står i fare for å bli det, kan kommunen fastsetje lokale føresegner.

Kommunen har informasjon om eventuelle lokale miljøføresegner som gjeld jordbruksdrift.

Døme på lokale føresegner kan vere:

- kommunal forskrift om forbod mot bakkeplanering,
- kommunal forskrift om avgrensing av spreieperiode for husdyrgjødsel,
- kommunal forskrift om (forbod mot) open brenning og brenning av avfall i småomnar.

# 9 Eventuelle kommentarar

Ta med eventuelle kommentarar i tilknytning til sjekklista.

Oslo, april 2011